

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 9.12.2025:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2024

Eit godt år for jordbruket i 2024.

Det har vore store svingingar i jordbruksinntekta dei siste åra. Etter eit svært godt resultat i 2022, vart 2023 påverka av uver og sterk prisoppgang på viktige innsatsfaktorar. I 2024 vart det igjen eit godt kornår, og både mjølkekvote og mjølkepris auka. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta kr 500 300 per årsverk for bruka i driftsgranskingane. Det var ein auke på 37 prosent frå 2023, men likevel ikkje heilt på nivå med toppåret 2022. Det var bøndene på flatbygdene på Austlandet som fekk høgast jordbruksinntekt i 2024 med kr 583 600 per årsverk.

Det viser dei årlege driftsgranskingane utført av NIBIO. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei rekneskapsgransking som viser resultat og økonomisk utvikling på norske gardsbruk, og er ein del av den offisielle statistikken i Noreg. For 2024 omfattar granskinga tal frå 932 gardsbruk. Desse er valde ut slik at dei representerer ulike landsdelar, storleiksgrupper og driftsformer.

Produksjonsinntektene auka med om lag 15 prosent. Inntektene frå kornproduksjon auka med heile 38 prosent og vart nesten på nivå med det svært gode kornåret i 2022. Husdyrinntektene, som utgjorde halvparten av produksjonsinntektene, auka med 9 prosent. Inntektene frå mjølk, egg og fjørfeslakt auka, medan inntektene frå dei andre husdyra gjekk ned. Tilskota har auka mykje dei siste åra, og også i 2024 viser resultatata auke i tilskot. Det var auke både i produksjonstilskot og i pristilskot. I gjennomsnitt utgjorde tilskota 34 prosent av produksjonsinntektene.

Kostnadene auka i gjennomsnitt med 8 prosent. Dei variable kostnadene auka med 3 prosent i gjennomsnitt, men med stor variasjon mellom ulike kostnadspostar. Kostnadene til kraftfôr som utgjør den største posten av dei variable kostnadene, auka med 4 prosent, medan handelsgjødsel gjekk ned med 14 prosent. Av dei faste kostnadene var det kostnader til avløyning og anna leigd arbeid som auka mest i kroneverdi, med kr 27 300, tilsvarende 15 prosent auke frå året før. Kostnadene til vedlikehald av maskinar og reiskap auka i gjennomsnitt med 21 prosent og maskinleige og leasing auka med 16 prosent frå 2023. Kostnadene til elektrisk kraft auka med 8 prosent, og kostnadene til drivstoff auka med 4 prosent. I gjennomsnitt gjekk dei faste kostnadene før avskrivningar opp med 14 prosent medan avskrivningane auka med 9 prosent.

Arealet per bruk var i gjennomsnitt 438 dekar, 11 dekar meir enn i 2023. Arbeidsinnsatsen auka med 0,1 årsverk til 1,7 årsverk, etter å ha vore på 1,6 årsverk ei årrekke. Avløysar eller anna betalt hjelp utgjorde 0,4 årsverk.

Kornproduksjon

Det har vore stor variasjon i kornavlinga dei siste åra. Etter eit fantastisk år i 2022, vart 2023 eit dårleg år med negativ jordbruksinntekt for kornprodusentane i driftsgranskingane. I 2024 vart det igjen eit godt år for desse produsentane og i gjennomsnitt vart jordbruksinntekta kr 623 900 per årsverk. Dette er det nest beste resultatet for kornprodusentane det siste tiåret, berre slått av rekordåret 2022. Avlinga av kveite auka med 61 prosent og byggavlinga med 51 prosent frå 2023, medan prisen på kveite gjekk ned med 14 øre og på bygg med 8 øre. Avlingsauke ga auke i inntektene frå korn på ca. kr 280 000 i gjennomsnitt for kornbruka i driftsgranskingane. Kostnadene til såkorn auka medan kostnaden til handelsgjødsel gjekk ned.

I gjennomsnitt er arbeidsinnsatsen på kornbruka 0,4 årsverk. Driftsoverskotet per bruk er derfor vesentleg lågare enn jordbruksinntekt rekna per årsverk. I gjennomsnitt hadde kornbruka eit

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 9.12.2025:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2024

driftsoverskot på kr 318 800 i 2024. Det var 106 driftsgranskingsbruk med einssidig kornproduksjon i 2024, og dei hadde eit jordbruksareal på 456 dekar, 29 dekar meir enn i 2023.

Mjølkeproduksjon

Jordbruksinntekta til mjølkeprodusentane varierer mykje mindre mellom år enn inntekta til kornprodusentane, men også desse produsentane fekk ein stor auke i jordbruksinntekta frå 2023 til 2024. I gjennomsnitt auka jordbruksinntekta for mjølkeprodusentane med 45 prosent og vart kr 484 800 per årsverk. Mjølkekvoten auka med 10 prosent i gjennomsnitt, og omsett mjølk auka med 26 000 liter frå 2023. Saman med auke i mjølkepris på 43 øre, ga det ein auke i inntektene frå omsett mjølk, medan inntektene frå kjøtproduksjonen var uendra frå 2023. Også tilskota auka og bidrog til at dei samla produksjonsinntektene auka med 19 prosent. Dei variable- og faste kostnadane auka med høvesvis 5 og 15 prosent og rentekostnadene med 24 prosent. Det var 281 bruk med mjølkeproduksjon med i granskinga for 2024. I gjennomsnitt hadde dei 34,8 årskyr og 523 dekar jordbruksareal. Arbeidsinnsatsen auka med 90 timar frå 2023 og var på 2,2 årsverk.

Sauehald og kjøtproduksjon med ammekyr

Jordbruksinntekta til bruka med sauehald auka med 5 prosent frå 2023 til 2024. I 2024 oppnådde dei ei jordbruksinntekt på kr 242 100 per årsverk. Det var ein volumnedgang på 6 prosent på omsett sau- og lammekjøt. Prisen på lammekjøt auka med kr 1,59 medan prisen på sauekjøt gjekk ned med kr 3,41. Til saman ga det ein nedgang i husdyrinntekter med 4 prosent. Tilskota auka med 9 prosent, og saman med nedgang i dei variable kostnadene ga det auke i jordbruksinntekta sjølv om både faste kostnader og rentekostnader auka. Det var 126 bruk med sauehald i driftsgranskingane i 2024, og dei hadde 149 vinterføra sauer og ein arbeidsinnsats på 1,2 årsverk.

Det har vore stor auke i tal bruk som driv med kjøtproduksjon på ammeku dei siste åra, og i 2024 var det 87 bruk med denne driftsforma i driftsgranskingane. I gjennomsnitt oppnådde dei ei jordbruksinntekt på kr 246 400, ein auke på 13 prosent frå året før.

Fruktproduksjon

Fruktbruka i driftsgranskingane har hatt eit par gode år, med høg jordbruksinntekt både i 2023 og 2024. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta kr 604 400, ein endring på mindre enn 1 prosent frå 2023. Det var særleg epleavlinga som var god, og saman med prisauke på alle fruktslaga, auka marknadsinntektene med 33 prosent. Auke i tilskot kjem i tillegg. Det var ein stor auke i kostnadene, både dei variable og dei faste, slik at det berre vart ein marginal endring i jordbruksinntekt. Fruktbruka hadde eit jordbruksareal på 74 dekar og arbeidsinnsatsen var på 2 årsverk. Det var 25 bruk med denne driftsforma i 2024.

Kombinert svinehald og kornproduksjon

Resultata for bruka med svinehald i kombinasjon med korn varierer mykje mellom år. I 2024 vart jordbruksinntekta kr 624 000, ein auke på 17 prosent frå året før. Inntektene frå husdyrhaldet gjekk ned med 4 prosent, mens inntektene frå korn auka med 23 prosent. Tilskota gjekk også opp og i sum ga dette auka produksjonsinntekter. Saman med nedgang i variable kostnader med 1 prosent og berre 3 prosent auke i faste kostnader, gjorde det at i jordbruksinntekta auka for denne driftsforma. Dette er også ei lita gruppe, med berre 25 bruk i 2025. Dei hadde i gjennomsnitt 449 dekar jordbruksareal, det vart produsert 81 800 kg slaktegris og arbeidsinnsatsen var på 1,6 årsverk.

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 9.12.2025:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2024

Auke i driftsoverskot for gards-skogbruket

I gjennomsnitt for alle bruka i driftsgranskingane vart driftsoverskotet frå skogbruket kr 47 300 i 2024, 51 prosent meir enn i 2023. Det er bruka frå «andre bygder» på Austlandet som har høgast driftsoverskot frå skogen, i 2024 hadde dei i gjennomsnitt eit driftsoverskot på kr 141 000 frå skogen.

Auke i investeringar, gjeld og nettoinntekt

Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk auka med 12 prosent frå 2023 og var 257 000 i 2024. Etter at det har vore investert mest i bygningar dei føregåande åra, var investeringane meir jamt fordelt på bygningar, mjølkekvote, areal og maskinar i 2024.

Gjelda auka med 7 prosent i snitt per bruk, medan eigenkapitalprosenten vart den same som i 2023, 54 prosent.

Nettoinntekta for brukarfamilien var på 1,47 mill. kr i 2024 ein auke på 22 prosent frå 2023. I nettoinntekt inngår alle inntekter for brukarfamilien, både i og utanfor bruket, med frådrag av gjeldsrenter og kår. På knappe 80 prosent av deltakarbruka er det registrert ektefelle/sambuar. I gjennomsnitt for granskinga ligg det derfor ca. 1,8 personar bak nettoinntekta til brukarfamilien.

Jordbrukets del av brukarfamiliens samla inntekter var 45 prosent, 7 prosentpoeng meir enn i 2023 og berre 1 prosentpoeng mindre enn i toppåret 2022. Bidrag frå tilleggsnæringar med basis i ressursane på bruket stod for 7 prosent, og skogbruket for 3 prosent av samla inntekter. Løsinntekter utgjorde 34 prosent, 5 prosentpoeng mindre enn i 2023, men same nivå som i 2022.

Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2024 var maksimalt frådrag kr 195 000, det same som for åra før. Inntektsverknad av jordbruksfrådrag er rekna til kr 36 300 per årsverk for 2024. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 536 600, 34 prosent meir enn i 2023.

Ulike resultatmål

Dei siste åra har det vore store diskusjonar om korleis ein skal måle jordbruksinntekta. I dei resultata som er presenterte her, er det vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk som er nytta. Det resultatmålet som Budsjettnemnda for jordbruket har nytta dei siste to åra, årsresultat per familieårsverk, ligg nær det resultatmålet som i driftsgranskingane er kalla vederlag til familiens arbeid og eigenkapital. Skilnaden mellom dette resultatmålet og det som er nytta som mål på jordbruksinntekt i driftsgranskingane, er at leigd hjelp er rekna som kostnad, samstundes som timar til leigd hjelp ikkje inngår i årsverket. For 2024 var vederlaget til familiens arbeid og eigenkapital per årsverk kr 507 400, eller kr 7 100 høgare enn det som er rekna som jordbruksinntekt her.

Ordforklaringar

Jordbruksinntekta blir målt som vederlag til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 9.12.2025:
Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2024

Kontaktpersonar ved NIBIO

Heidi Knutsen
seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 472 77 017
E-post: heidi.knutsen@nibio.no

Håvard Rønningen Graarud
rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 412 84 067
E-post: havard.graarud@nibio.no

Sjå meir informasjon og utfyllande tabellar på: www.nibio.no